

# Lærdal Sau og Geit og Sogn og Fjordane Sau og Geit arrangerer Fjelltur i Lærdal 30. juli 2011.

(For dei som har sau, likar sau og et sau)

Startar med frammøte på Øvre Kvamme (Borgund) kl. 09.00.  
Derifrå vert det fellestransport til Filefjell og inn Valdresdalen.

Turen går frå Valdresdalen over Kviesjøen og ned Volldalen til Øvre Kvamme.  
På turen vert det lagt opp til faglege innslag om beite/ botanikk og forminner m.m.

Turen startar på ca. 1200 moh med slak stigning til ca. 1400 før ein går nedover.  
Me tek det i eit roleg tempo, og reknar med å bruka 6-7 timar.  
Deltakarane må ha med seg kle og niste.

Etter turen vert det dusjmogelegheiter i Idrettsbygget på Steinklepp.

Om kvelden feirar me Olsok på Postaabneriet Pub & Cafe A/S frå ca. kl. 19,00  
Her får ein høve til kjøpe seg grillmat og ta seg ein dans.

For deltakarar som vil kome til Borgund kvelden før er det lagt opp til ei uformell samling på  
Borlo Bygdetun (ligg ved krysset på Borlaug) kl. 20.00 – 22.00.

Her har Dagfinn og Kari Hegg-Lunde restaurert og samla mange hus, reiskap ++.  
Det vert om visning og enkel servering.

For å ha ei oversikt over kor mange som kjem treng me ei påmelding - innan 23/7.

Påmelding til [borlaug@hihostels.no](mailto:borlaug@hihostels.no) eller SMS/ tlf. til 91109946

Nokre overnattingsmogelegheiter:

Maristuen Fjellferie A/S	tlf: 57668711	www.maristuen.no
Borlaug Vandrehjem	tlf: 57668780/ 91109946	
Bjøraker Camping	tlf: 57668720	
Steinklepp Hytter og Camping	tlf: 57668159	
Borgund Hyttesenter og Camping	tlf: 90620859	
Eggum Gard	tlf: 57668275	

For fleire alternativ sjå: [www.alr.no](http://www.alr.no)

Vel møtt til ein triveleg tur.

© NINA/Norge digitalt

